

**Emne:** Synfaring Gaus reide 27.05. 2015  
**Fra:** Nils Kaalaas (NIK@lindas.kommune.no)  
**Til:** alvterje@yahoo.no;  
**Dato:** Fredag, 29. mai 2015 14.52

Hei og takk for i går.

Du hadde bede om ei synfaring med landbrukskontoret for å få ein gjennomgang av dei vilkår som vart sette i samband med at Lindås kommune gav dykk konsesjon for overtaking av gnr 182 bnr 3 Gausreide.

Vilkåret gjekk i store trekk ut på at areala og kulturlandskapet vart helde i hevd.

Sidan de overtok gnr 182 bnr 3 har de rusta opp vegen fram til tunet, skifta noko kledning og pussa opp våningshuset innvendig. De har vore i kontakt med Landbruksrådgivinga i samband med å ta jordprøvar for å kunna nytta delar av arealet til produksjon av bær.

For å koma eit steg vidare før du startar opp med bær produksjon og sauehald som vi og snakka om så må du få deg opp ein driftsbygning, for å kunna ta vare på reiskap og produkt. Det er og eit vilkår at sjølv om det er utegangar sau så skal dei ha moglegheiter for å finna ly.

Vi såg på den gamle driftsbygningen som har vorte riven, at ein med mindre justeringar bygger på den eksisterande grunnmuren. Du lagar då ein teikning av bygningen, fyller ut søknadsskjema «Søknad om tiltak utan ansvarsrett» og kryssar og av « Driftsbygning i landbruket». Du må og ta ein runde med nabovarsel og då er det bnr 1, 2, og 4 du må varsle, men for sikkerheit skuld ta og med bnr. 5. Andre skal du ikkje varsle.

Sjølv om eg no ser at mykje av eigeidomen din ligg inne i det som er klausulert i samband med at Storvatnet er nytta som drikkevasskjelde, så vil drift av bruket i eit omfang som du skisserte med økologisk produksjon av bær og beiting med sau ikkje på nokon måte koma i konflikt med klausulering bestemmelsene for området.

Med helsing

Nils Kaalaas